

## KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSAVGJERD

2016/EØS/54/41

av 31. august 2011

**om godkjenning av Marokko i medhald av europaparlaments- og rådsdirektiv 2008/106/EF med omsyn til systema for opplæring og sertifisering av sjøfolk***[meld under nummeret K(2011) 6020]*

(2011/520/EU) (\*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

vart gjord på grunnlag av ein inspeksjon som sakkunnige frå Det europeiske sjøtryggleiksbyrået utførte i desember 2006. Under den inspeksjonen vart det oppdaga visse manglar i opplærings- og sertifiseringssystema.

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

- 3) Kommisjonen la fram for medlemsstatane ein rapport om resultatane av vurderinga.

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 2008/106/EF av 19. november 2008 om minstekrav til sjøfolks opplæringsnivå<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 19 nr. 3,

- 4) Ved brev av 4. februar 2009 og 9. mars 2010 oppmoda Kommisjonen Marokko om å leggje fram prov på at dei manglane som vart oppdaga, er vortne retta opp.

med tilvising til oppmodinga frå Kypros av 13. mai 2005, og

- 5) Ved brev av 13. mai 2009, 29. mai 2009, 2. april 2010 og 4. januar 2011 la Marokko fram dei opplysningane og prova som det vart bede om med omsyn til gjennomføringa av høvelege og tilstrekkelege korrigerande tiltak for å rette opp dei fleste av dei manglane som vart oppdaga under vurderinga av samsvaret.

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I samsvar med direktiv 2008/106/EF kan medlemsstatane ta ei avgjerd om å godkjenne dei sertifikata som tredjestatar har utferda til sjøfolk, på det vilkåret at Kommisjonen har godkjent den aktuelle tredjestaten. Desse tredjestatane må oppfylle alle krava i konvensjonen til Den internasjonale sjøfartsorganisasjonen (IMO) om normer for opplæring, sertifikat og vakthald for sjøfolk (1978), i revidert utgåve av 1995 (STCW-konvensjonen)<sup>(2)</sup>.

- 6) Dei resterande manglane gjeld på den eine sida manglande lovføresegner for opplæringsutstyr og for kvalifikasjonane og utdanninga til instruktørane og dei som skal evaluere, og på den andre sida manglande opplæringsutstyr ved den viktigaste institusjonen for maritim utdanning og opplæring i Marokko. Marokko er difor vorte oppmoda om å gjennomføre fleire korrigerande tiltak på desse områda. Desse manglane gjev likevel ikkje grunn til å tvile på at Marokko generelt oppfyller krava i STCW-konvensjonen med omsyn til opplæring og sertifisering av sjøfolk.

- 2) Ved brev av 13. mai 2005 sende Kypros inn ei oppmoding om godkjenning av Marokko. Som følgje av oppmodinga frå Kypros har Kommisjonen vurdert systema for opplæring og sertifisering i Marokko med sikte på å kontrollere om denne staten oppfyller alle krava i STCW-konvensjonen og om det er gjort tilfredsstillande tiltak for å hindre svik med omsyn til sertifikat. Denne vurderinga

- 7) Resultatet av vurderinga av samsvaret og vurderinga av opplysningane som Marokko har lagt fram, viser at Marokko oppfyller alle krava i STCW-konvensjonen og har gjort høvelege tiltak for å hindre svik med omsyn til sertifikat. Marokko bør difor godkjennast av Kommisjonen.

(\*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 226 av 1.9.2011, s. 10, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 113/2012 av 15. juni 2012 om endring av EØS-avtalens vedlegg XIII (Transport), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 56 av 4.10.2012, s. 37.

<sup>(1)</sup> TEU L 323 av 3.12.2008, s. 33.

<sup>(2)</sup> Vedteken av Den internasjonale sjøfartsorganisasjonen.

- 8) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Utvalet for sjøtryggleik og hindring av ureining frå skip —

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

For føremåla med artikkel 19 i direktiv 2008/106/EF er Marokko godkjend med omsyn til systema for opplæring og sertifisering av sjøfolk.

*Artikkel 2*

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 31. august 2011.

*For Kommisjonen*

Siim KALLAS

*Visepresident*